



VERDSBERØMD EIDAR I MATEMATIKK

Det finnst ikkje ein meir verdsberømd eidar enn matematikaren Sophus Lie. Bysta hans tronar ved Eid operabygg, kunstnar er Elisabeth Steen, eidar ho også.

Nils Henrik Abel og Sophus Lie var våre to store matematikarar. Abel vart berre 26 år, han døydde i 1829 etter 5-6 banebrytande år. Ved sin død var han lite kjend i utlandet. Sophus Lie fekk 56 år, 1842-1899, og han vart viden kjend. Han var professor i Christiania og i Leipzig, fekk priser og var medlem av 11 europeiske akademi. Lie grunnla transformasjonsgruppeteorien, ein heilt ny matematisk disiplin. Lie foreslo i sitt siste leveår at matematikk burde få sin eigen Nobelpris. Først over 100 år seinare, i 2002, beslutta Stortinget å opprette Abelprisen.

Ein flott konstruksjon, men prega av vēr og vind. Ingen grunn til å tru at dette vert betre med åra.

Kva med å leggje inn kvitt eller annan fargenyanse i tekstane?

V

V

V

Sophus Lie er internasjonal og bør i tillegg til byste og signaturvegg få ei historisk tavle ved seg, på engelsk og norsk. Kunstnarens namn bør også gjerast kjend.

Som historisk person frå Eid bør han også formelt ha sin eigen plass:

SOPHUS LIES PLASS

På Universitet i Oslo er dei begge, Abel og Lie, godt representerte. Abel i bronse kikkar over på Lie i marmor. Og Lie har sitt eige auditorium og sitt eige konferansesenter. Han har også ein gatestubb oppkalt etter seg, som i andre byar. Sophus var på mange måtar ein hardhaus, ein fjording. Det er fortald at han ein gong gjekk frå Christiania til Moss, så snudde han og gjekk attende. Han skulle hente ei bok. Ei anna historie er frå tida i Paris. Han skulle vidare til Milano, og ville gå, men Frankrike og Tyskland var i krig, og han vart teke til fange av franskmennene. Dei trudde han var spion og hadde med seg koder i notisbøker. Han kom seg ut ved at vokterane fekk seg forklart kvar sin plass langs henholdsvis x-, y- og z-aksen. Då lo dei godt og skjøna at dei berre hadde med ein gal fjording å gjere.

